



SUNNMØRE JORDSKIFTERETT

Jordskifteretten er ein særdomstol som arbeider med saker heimla i jordskiftelova. Arbeidsoppgåvene er i hovudsak omforming av eigedommar, klarlegging av rettstilhøve til fast eigedom og fastlegging av eigedomsgrenser. Landet er delt inn i 34 jordskifterettar og 5 jordskifteoverrettar med til saman ca. 260 tilsette. Administrativt ligg jordskifterettane under Domstoladministrasjonen (DA) i Trondheim. Jordskifterettane ønskjer å vere utviklingsorienterte, mellom anna gjennom breidde og mangfald i arbeidsmiljøet slik at medarbeidarane skal kunne utvikle seg både fagleg og personleg.

Sunnmøre jordskifterett i Ørsta har 6 tilsette og omfattar 17 kommunar. Naturen har stor spennvidde, frå kysten med øyer og grøderike strandflater, via fjordlandskapet med tronge fjordar mellom kvasse fjell, til innlandet med viddelandskap langs fylkesgrensa mot aust. På grunn av stor saksmengd søker vi etter

AVDELINGSINGENIØR

Ved Sunnmøre jordskifterett i Ørsta er det ledig ny 100 % stilling som avdelingsingeniør. Stillinga er eit 3 års engasjement frå 1. juli 2010, og er knytt til arbeidet med å redusere saksrestansane og korte ned på ventetida for oppstart av nye saker.

Vi kan tilby arbeidsoppgåver som omfattar saksførebuande og teknisk arbeid på jordskiftesakene, herunder oppmåling med GPS-utstyr, grensemerking, kartframstilling og skifteplanlegging med GIS-verktøy. Avhengig av kvalifikasjonar vil avdelingsingeniøren også kunne få delta i rettsmekling.

Det er ønskjeleg med 2-3 årig høgskuleutdanning, med fagkrets tilsvarende utdanninga frå Høgskolen i Bergen, jordskiftelinja. God og relevant praksis kan kompensere for kravet til formell utdanning. Det er ein fordel med erfaring i bruk av sentrale dataprogram i jordskifteretten, herunder ArcView / ArcMap og bruk av GPS-utstyr for landmåling.

Jordskifteretten står overfor ei rekkje interessante utfordringar som gir gode moglegheiter for fagleg og personleg utvikling. Gode samarbeidsevner er viktig. I tillegg vert det vektlagt at ein kan arbeide sjølvstendig. Den som vert tilsett må kunne yte service og framstå på ein objektiv og kontaktskapande måte overfor partane i jordskiftesakene. Det er viktig å kunne kommunisere godt både munnleg og skriftleg. Kommunikasjonen inkluderer dialog med partar og private/offentlege instansar. Nynorsk er hovudmål ved kontoret.

Kvalifiserte kandidatar vert oppfordra til å søkje uavhengig av alder, kjønn og etnisitet. Stillinga høver godt for nyutdanna. Det må påreknast arbeid i felten, noko som stiller krav til normalt god fysisk helse. Stillinga medfører noko reiseverksemd, og søkjaren må disponere bil. Bilhald, arbeidsklede m.m. vert kompensert i samsvar med særavtale.

Vi kan tilby løn etter staten sitt regulativ, kode 1085 (ltr. 48-56), med fråtrekk av 2 % innskott til Statens Pensjonskasse. Skyss og kostgodtgjersle etter staten sitt regulativ.

Det vil bli utarbeidd offentleg søkjarliste. Det vert i denne samanheng vist til Offentleglova § 25, 2. ledd når det gjeld vilkår for ikkje å få namnet gjort kjent på søkjarlista.

Spørsmål om stillinga kan rettast til jordskifterettsleiar Ivar Engjoberg eller avdelingsingeniør Erlend Andersen (mobil 975 32 289, epost: erlend.andersen@domstol.no).

Søknad med CV, kopi av vitnemål og relevante attestar, kan sendast Sunnmøre jordskifterett, Postboks 102, 6151 Ørsta. Utfyllande opplysingar om jordskifterettane finst på www.jordskifte.no.

Søknadsfrist måndag **15.03.2010**.